

---

**Fra:** Marianne Aadland Sandvik  
**Sendt:** 11. juli 2018 11:27  
**Til:** Ann-Therese Strønen  
**Emne:** Vedr. opparbeiding av tilkomstveg til gbnr. 41/28, 67

Hei

Viser til korrespondanse rundt spørsmål om etablert veg fram til gbnr. 41/28, 67.

Den 6.10.2016 sendte Tore Johan Erstad deg e-post med informasjon om at veg fram til eigedomen var avhengig av dispensasjon fra landbruk-, natur- og friluftsformålet (LNF) i kommuneplanen sin arealdel.

I søknad, jurnalført motteke 4.4.2018, søkte du om løyve til oppføring av tilbygg til eksisterende fritidsbustad. På kartet over eigedomen var det vist ein tilkomstveg fram til eigedomen. I forkant av søknaden var du innom hjå byggjesak i kommunen og fekk informasjon om søknadsprosessen, og der det vart sagt at kommunen nok kan godkjenne frakt av utstyr i samband med oppføring av tilbygget på eksisterande terren, med løyve frå grunneigar, viss frakt ikkje inneber at det må gjerast tiltak på terrenget. Terrenginngrep og opparbeiding av vegtilkomst er ikkje innanfor dette, og det kjem klart fram av rettleiaren til plan- og bygningslova § 20-1 bokstav I) at også midlertidige anleggsvegar er søknadspliktige.

Under handsaming av søknaden fekk du i e-post frå Erstad, den 17.4.2018, spørsmål om søknaden omfatta både tilbygg og vegtilkomst som vist til på kartet. Du bekrefta at søknaden berre skulle omfatte søknad om løyve til oppføring av tilbygg.

På bakgrunn av dette vart det i vedtak den 15.5.2018, sak nr. 85/2018, gitt løyve til oppføring av tilbygg til eksisterande fritidsbustad. I vedtaket vart det presisert at det ikkje er gitt løyve til etablering av tilkomstveg.

Vi viser til pålegg om stans av etablering av veg til fritidsbustaden, datert 9.7.2018, og presiserer at vi ikkje har gitt løyve til bruk av vegen. Søknad om dispensasjon for etablering av vegtilkomst til eigedomen vil bli handsama på vanleg måte, og er sendt på høyring til Hordaland fylkeskommune og Fylkesmannen i Hordaland.

Med venleg helsing

Marianne Aadland Sandvik  
Juridisk rådgjevar byggjesak  
Meland kommune  
e-post: [marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.no](mailto:marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.no)

